

Høyringsuttale vidaregåande skulestruktur Innlandet

Vedr region Nord-Gudbrandsdalen

Det er avgjerande for all utvikling i Nord-Gudbrandsdalen at vi har godt tilbod innan vidaregåande opplæring. Dei største utfordringane for oss er reiseavstandar og synkande elevtal.

Vi har som region gjennom ei årrekke mista fleire utdanningstilbod, slik at våre stadig færre ungdommar får færre program å velge i. Dette er ei negativ utvikling som forsterkar seg sjølv; fleire reiser ut for å finne utdanning og få kjem attende. Og det gjer området mindre attraktivt å flytte til når vi får eit stadig dårlegare tilbod mtp vidaregåande skuletilbod.

Det er fornuftig at Innlandet skal gjera vedtak om skulestruktur som skal stå seg over tid. Vi meiner at denne debatten også må omhandle *distriktpolitikk*. Distriktpolitikk kostar, men samfunnsmessig vil det over tid koste meir.

Det er også eit *sosialpolitisk* aspekt som må inn i vurderingane. Familiar er redde for at ungdommane sine skal falle ut av vidaregåande fordi dei ikkje ser at dei har økonomi til utgifter knytt til hybelliv.

Det må sikrast at vi har vidaregåande skule i Nord-Gudbrandsdalen. Det ligg godt til rette for å satse vidare på både Otta og Lom som skulestad.

Avdeling Otta er lokalisert saman med IPR, Karriere Innlandet, Opplæringskontoret Gudbrandsdalen og Oppfølgingstenesta. Dette har store fordelar som det er viktig å vidareføre for eit heilheitleg utdanningstilbodtilbod i regionen.

Lom har ein sterk posisjon som skulestad, med studiespesialisering og ei godt etablert avdeling for byggfag. I eit distriktpolitisk perspektiv bør det vera rom for at denne kan bestå.

Store reiseavstandar, låg økonomisk inntekt hjå barnefamiliar og stor grad av unge uføre gjer at vi som region ikkje har råd til at fylkeskommunen trekker seg ut og vel ein sentraliseringsmodell. Så lenge det er beslutta at Norge skal ha desentralisert busetting må fylkeskommunen sjå heile Innlandet også når det gjeld vidaregåande utdanning.

Vi foreslår baa avdelingane vidareført, utan å flytte utdanningsprogram frå Otta til Lom. Og vi har desse konkrete innspela:

- **Helsefag blir eit satsingsområde for Otta.** Ved å flytte helsefag på Vinstra til Otta vil ein samle ei større elevgruppe som kan gje eit godt fagmiljø. Otta har Lokalmedisinsk senter og frå hausten startar desentralisert sjukepleierutdanning. Det burde derfor vera grunnlag for å etablere eit solid fagmiljø som kan hjelpe kommunane med å møte det store rekrutteringsbehovet dei har innan helsesektoren dei komande åra. Avdeling Otta har allereie bygningsmessig gode, store og oppgraderte lokaler som burde kunne ta i mot auka elevmasse utan utfordringar.

-**Restaurant og matfag og Salg, service og reiseliv må bestå på Otta.** Skulen har gjort eit betydeleg arbeid for å samkjøre desse to utdanningsprogramma, og denne modellen må få sette seg. Skulen har egne kjøkkenlokale. Desse linjene er av stor betydning for vår region, når ein ser på arbeidsmarknaden.

Etablering av Gudbrandsdal Slakteri ed Otta er nå ein realitet. Her vil det bli eit betydeleg behov for arbeidskraft med utgangspunkt i matfag.

-Lom har eit godt etablert tilbod innan byggfag. Næringslivet innan bygg og anlegg kom med ei samla uttale om kor stor betydning avdelinga har for dei og rekrutteringa deira. For å styrke tilbodet ytterlegare bør det forsøkast eit samarbeid med Fagskulen om eit desentralisert utdanningstilbod innan byggfag.

- Alternative modellar med nært samarbeid med næringslivet og bruk av digitale arbeidsmåtar, må vera tilgjengelege i alle fag der regionen har læreplassar. Ikkje minst må dette vera aktuelt i fleire fag som ligg under Restaurant og matfag, som baker, kjøttskjærer etc Det same gjeld i fag som t.d. industrimekaniker og andre fag der næringslivet har stort behov og stiller som lærebedrifter.

15. august 2024

Vågå Ap, ved styret